

ALTERNATIV ADVENTSKALENDER

2019



1 Første søndag i advent:
Les om kongen på eselfolen i Matteus 21, 1-11

2 Tenn eit lys og be ei bøn for nokon som har det vanskelig. Du kan også gjera det på kyrkja.no/be

3 Hald oppe døra for nokon

4 Sei takk minst fem gonger

5 Spør nokon korleis det står til

6 Gje eit kompliment som ikkje handlar om korleis nokon ser ut

7 Lytt til den andre og la ein samtale handla heilt om den du samtalar med.

15 Tredje søndag i advent:
Les om døyparen Johannes som tvilte. Matteus 11,2-11

16 Ta kontakt med nokon du ikkje har snakka med på lang tid

17 Skriv ned tre ting du er takksam for

18 Be for menneske som må flykta frå krig. (Matt. 5,9)

19 Legg vekk mobilen og ta ein prat med nokon

20 Plukk opp boss du finn ute og kast det i bosspannet.

21 Prøv ein vegetarrett.

22 Fjerde søndag i advent: Les Marias lovsong i Lukas 1,46-55 og høyr gjerne på ei innspeling av den - på latin er tittelen "Magnificat."

23 Legg frå deg ei enkel julegåve, gjerne heimelaga, på ein offentlig stad med ein lapp: "Vørsågod"

24 Julaftan: Nyt jula, og husk at dette barnet kan forandra verda! (Luk. 2,12)

8 Andre søndag i advent: Det er rom for deg! Les Johannes 14,1-4. Finn ein misjonsorganisasjon du kan støtte med ei gåve i dag på nettsida kyrkja.no/smm

9 By nokon på ei pepperkake el. noko anna godt

10 Sjå på noko som får deg til å le

11 Skriv eit julekort til nokon som du tenkjer har bruk for å få eit

12 Skriv "ikkje gløym at du er verdifull" på ein lapp og legg den på ein synleg plass

13 Lucia: Tenk på korleis du kan vera eit lys i mørkret for born som treng det. Sjekk gjerne nettsidene til Kirkens nødhjelp, Kirkens bymisjon eller Redd barna

14 Fortel nokon om kva du set pris på ved dei. Husk å sende julekortet du skreiv den 11. desember



DEN NORSKE KYRKJA